

ID 477.26

MH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

Ordførar og kommunedirektør i Haugesund

Ordførar og kommunedirektør i Vindafjord

INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET

Fredag 13. februar kl. 09.30

Wärtsilä Norway AS, Wichmannvegen 3, 5420 Rubbestadneset (parkering v/ Kunnskapssmia)

Tidsplan:

Kl. 09.30	Velkommen v/ Morten Helland, ordførar Bømlo
Kl. 09.35	Orienteringar: • Wärtsilä Norway AS og LOS v/ Ivar Ingvaldsen (30 min) • Helseoppdrag i brann og redning (20 min) v/ Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør Bømlo • Frå raudt til grønt v/ Rune Heradstveit og Bent Gunnar Næss (30 min) ○ Drøfting i Sunnhordlandsrådet (30 min)
Kl. 11:30	Lunsj
Kl. 12:00	Sakshandsaming
Kl. 15.00	Møteslutt

Sakliste:

Sak 1/26	Godkjenning av sakslista
Sak 2/26	Val observatør Atheno
Sak 3/26	Val styremedlem Sunnhordland museum
Sak 4/26	Val representant destinasjonsleiinga Visit Sunnhordland
Sak 5/26	Tilbudsgrunnlag analyse utvikling arbeidsmarknaden i regionen
Sak 6/26	Drøftingssak: Formannskapskonferansen 2026
Sak 7/26	Drøftingssak: fellesmøte med Hardangerrådet 10. april
Sak 8/26	Drøftingssak: Strategiplan 2026-2029
Sak 9/26	Drøftingssak: Høyring av NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor
Sak 10/26	Drøftingssak: Hummarfreding
Sak 11/26	Skriv og meldingar: a) Ny dato for studietur er 5-6. mai
Sak 12/26	Ymse

Sunnhordland, 6. februar 2026

Tora Haslum Myklebust

Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 2/26
MH/thm

Val observatør Atheno

Atheno AS driv det regionale næringsutviklingsarbeidet i Sunnhordland. Sunnhordlandsrådet har dei siste åra deltatt som observatør i Atheno AS sitt styre. Det er fortrinnsvis regionrådsleiar som har hatt denne rolla, og har dei to siste åra vore representert ved leiar André Mundal Haukås og med nestleiar Morten Helland som vararepresentant.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes som regionrådet sin observatør i Atheno AS sitt styre, med som vararepresentant, for perioden 2026-2027.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 3/26
MH/thm

Val styremedlem Sunnhordland museum

Sunnhordlandsrådet er representert med to styremedlemmar i styret til Sunnhordland museum. Kwart styremedlem vert vald for 2 år, med personleg varamedlem.

For perioden 2022-2023 er det Fitjar kommune og Kvinnherad kommune som har hatt desse styreverva. Og for perioden 2024-2025 er det Etne kommune og Stord kommune som har hatt desse styreverva.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes følgjande styremedlemmer, med personlege varamedlemmer til Sunnhordland museum sitt styre:

1. som styremedlem, medsom personleg vara.
2. som styremedlem, medsom personleg vara.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlø

Sak 4/26

MH/thm

Val representant destinasjonsleiinga Visit Sunnhordland

Nestleiar i Sunnhordlandsrådet Morten Helland, har vore regionrådet sin representant i destinasjonsleiinga til Visit Sunnhordland for perioden 2024-2025, med leiar André Mundal Haukås som vararepresentant.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes som regionrådet sin representant til Visit Sunnhordland si destinasjonsleiing, med som vararepresentant.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 5/26
MH/thm

Tilbodsgrunnlag analyse utvikling arbeidsmarknaden i regionen

På representantskapsmøte i Region Sunnhordland IKS den 4. desember 2025 blei det vedtatt å nytte midlar frå tiltakspotten, til å iverksette arbeidet med ei kartlegging av utviklinga av arbeidsmarknaden i regionen. Ynskje om ei slik kartlegging kom frå Sunnhordlandsrådet IPR. Innhaldet i tilbodsgrunnlaget vil dermed bli handsama i Sunnhordlandsrådet IPR og ikkje i Region Sunnhordland IKS.

Når tilbodsgrunnlaget er godkjent, vil det bli sendt ut på anbod til minimum tre leverandørar. Sunnhordlandsrådet skal vil vedta leverandør i regionrådsmøte 26. mars eller 10. april.

Framlegg til vedtak:

Til
Aktuelle tilbydarar

ANALYSE AV UTVIKLING I ARBEIDSMARKNADEN I SUNNHORDLAND

Sunnhordlandrådet IPR inviterer interesserte leverandørar til å gje tilbod på gjennomføring av ein analyse av utviklinga i arbeidsmarknaden i Sunnhordland.

Næringslivet i Sunnhordland er i stor grad knytt til olje- og gassrelatert verksemd. Frå om lag 2027 ventar ein nedgang i aktivitet og ordrebøker, noko som kan påverke sysselsetting, busetnad og kommunal økonomi i regionen.

Sunnhordlandrådet IPR ønskjer difor å få gjennomført ein heilskapleg analyse som kartlegg korleis arbeidsmarknaden kan utvikle seg dei komande åra, kva konsekvensar dette kan få for regionen, og kva strategiske handlingsrom som finst for kommunane og næringslivet.

Analysen skal gi eit solid kunnskapsgrunnlag for vidare politiske og strategiske prioriteringar i regionen.

- Fagleg kvalitet og metode vert vekta 20 %.
- Gjennomføringsevne 20 %
- Pris, vert vekta 60 %
- Frist for ferdig leveranse 21.mai 2026

Svarfrist innan fredag 13.mars kl. 12.00 til tora@regionsunnhordland.no

Analysen skal minimum omfatte følgjande tema:

1. Kartlegging av dagens situasjon:

- Sysselsettingsstruktur i regionen
- Avhengnad av olje- og gassrelatert aktivitet
- Kompetansesamansetjing i arbeidsstyrken
- Pendlemønster og arbeidsmarknadsintegrasjon
- Kommunal økonomisk sårbarheit

2. Framtidsanalyse:

- Scenario for utvikling i petroleumsrelatert aktivitet
- Konsekvensar for sysselsetting og arbeidsløyse
- Moglege effektar for busetnad og flyttemønster
- Konsekvensar for kommunal økonomi og tenestetilbod

3. Omstillingsmoglegheiter:

- Nye næringar og vekstområde i regionen

- Overførbar kompetanse frå petroleumssektoren
- Potensial innan grøn industri, energi, hav og teknologi
- Tiltak for kompetanseutvikling og omstilling

4. Strategiske anbefalingar:

- Forslag til tiltak for kommunane og regionen samla
- Prioriterte satsingsområde
- Tiltak for å sikre attraktivitet og busetnad
- Forslag til vidare oppfølging

Oppdraget skal levere:

- Hovudrapport med analysar og anbefalingar
- Kort samandrag til politisk bruk
- Presentasjon for Sunnhordlandrådet IPR
- Presentasjonsmateriell til vidare regional bruk
- Dokumentasjon av datagrunnlag og metode
- Rapporten skal leverast på nynorsk.

Metode og gjennomføring

Tilbydar skal skildre planlagt metode og gjennomføring, inkludert bruk av statistikk, analyseverktøy og prognosar. Det skal gjerast greie for korleis kommunar, næringsliv og andre relevante aktørar blir involverte i arbeidet.

Lokalkunnskap og dialog med regionale aktørar vil bli vektlagt.

Kompetansekrav

Tilbydar må dokumentere erfaring med arbeidsmarknadsanalyse, samfunnsøkonomiske utgreiingar og regionale utviklingsprosessar. Det skal leggjast ved referanseprosjekt og oversikt over prosjektteamet.

Tilbudet skal innehalde

- Tilbydar si forståing av oppdraget
- Metode og gjennomføring
- Framdriftsplan
- Prosjektorganisering og nøkkelpersonar
- Referanseprosjekt
- Pris og kostnadsoverslag

MØTEBOK

Sunnhordlandrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30

Wärtsilä Norway AS, Bømlø

Sak 6/26

MH/thm

Drøftingssak: Formannskapskonferansen 2026

Den 6.mars blir årets formannskapskonferanse gjennomført på Stord hotell. Programmet er ikkje heilt ferdig, men ser i grove trekk slik ut:

KI09.00 Registrering og lett frukostservering

KI09.30 Velkommen

v/ Morten Helland, leiar Sunnhordlandsrådet

KI09.40 DEL 1: KOMMUNEUTVIKLING I EI UROLEG TID

- **Det overordna bilete**
v/ tbn, Sjøforsvaret
- **Kommunane og beredskap**
v/ tbn, Kommunal- og distriktsdepartementet

KI10.20 Pause

KI10.40 DEL 2: KOMMUNALE LOVPÅLAGTE OPPGÅVER FRAM MOT 2040

- **Lovpålagte oppgåver og kommuneøkonomi**
v/ Frode Kyrkjebø, KS
- **Eksempel frå kommunane**
v/ Elin Sørbotten, kommunalsjef helse- og velferd Kinn kommune
- **Kommuneøkonomi 2040: korleis skape forståing for naudsynte prioriteringa**
v/ Edvars Høgestøl, seniorrådgjevar Statsforvaltaren i Vestland
- **Kva forventninga har dagens unge til kommunane sine tenester i 2040**
v/ Marcus André Berntzen Askildsen, leiar Vestland ungdomsutval

KI11.40 Lunsj

KI12.30 DEL 3: UTANFORSKAP OG INKLUDERING

- **Inkludering i Vest**
v/ tbn, fylkesordførar Vestland Fylkeskommune
- **Panelamtale: Korleis sikra me at alle valørar av utanforskap blir ivaretatt?**
Deltakarar: tbn (fylkesordførar), Marcus André Berntzen Askildsen (Vestland ungdomsutval), Synnøve Bakke (ordførar Tysnes), Håvard Lægreid (NAV), tbn (kommunedirektør)
Moderator: tbn

KI13.30 DEL 4: REGIONAL UTVIKLING

- **Vestland fylkeskommune si rolla**
v/ Robert Rastad, fylkesdirektør
- **Status strategiplan Sunnhordlandsrådet**
v/ Hogne Haugsdal, kommunedirektør Austevoll

14:00 Oppsummering og takk for i dag

v/ Morten Helland, leiar Sunnhordlandsrådet

Alle dei åtte formannskap blei informert via postmottak i haust om å halde av dato.

Konferansen er på dagtid med møteplikt, etter ynskje frå Sunnhordlandsrådet.

Vararepresentantar blir kalla inn om nokon ikkje har høve til å møta. Kvar kommune melder inn til dagleg leiar i Sunnhordlandsrådet IPR om dei har endringar på namnelista. Frist for endring 20. februar.

Det er komme inn førespurnad om andre kan inviterast til konferansen. Til dømes frå ungdomsråda og kommuneadministrasjonane.

Førespurnaden om kven andre grupper som kan inviterast til formannskapskonferansen vært lagt fram drøfting i Sunnhordlandsrådet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 7/26
MH/thm

Drøftingssak: fellesmøte med Hardangerrådet 10. april

I år er det Hardangerrådet som er vertskap for fellesmøte. Dei vil truleg legge møte til Kvam Herad.
Følgjande tema er spelt inn for møte:

- Rein Hardangerfjord 2026
- Ungdom og rus
- Brusselkontor
- Besøksbidrag
- Status prosjekt fjernarbeid

Tema for fellesmøte vært lagt fram drøfting i Sunnhordlandsrådet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 8/26
MH/thm

Drøftingssak: Strategiplan 2026-2029

Sunnhordlandsrådet IPR sitt vedtektsfesta formål er:

Sunnhordlandsrådet IPR skal vera regionråd for eigarkommunane.

Regionrådet skal:

- Vere ein felles arena for drøfting av dei regionale oppgåvene regionen skal ha fokus på.
- Ivareta oppgåver knytt til regional utvikling når det gjeld samhandling mellom kommunane og iverksetjing av felles tiltak.
- Innstille på felles løysingar til kommunestyra når det er behov for samordna løysingar i regionen.
- Ha fokus på utvikling av næringslivet i regionen, samferdsel/infrastruktur innad regionen samt inn til regionen, og tenester/oppgåver som det er naturleg at heile regionen arbeider samla med.

- Vedta bruk av regionrådets budsjett etter retningslinjene som kommunestyra har vedtatt.

I regionrådsmøte den 4. desember, så vedtok Sunnhordlandsrådet å sette ned ei arbeidsgruppa, som skal utarbeide forslag til ny strategiplan for Sunnhordlandsrådet, som beskriv overordna korleis ein ynskjer å utvikle Sunnhordland. Arbeidsgruppa består av:

- Hogne Haugsdal, kommunedirektør Austevoll
- Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør Bømlo
- Morten Helland, ordførar Bømlo
- Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordførar Etne
- Sigbjørn Framnes, ordførar Stord

Arbeidsgruppa har hatt to møter, og vil i dette regionrådsmøte legge fram status så langt for arbeidet. Saka vært lagt fram drøfting i Sunnhordlandsrådet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärsilä Norway AS, Bømlo

Sak 9/26
MH/thm

Drøftingssak: Høyring av NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor – Kommunekommisjonens første delutredning, på høyring. Utredninga er publisert på [NOU 2026: 1 - regjeringen.no](https://regjeringen.no).

Kommunekommisjonen vart oppnemnd ved kongeleg resolusjon 9. mai 2025, og fekk i oppdrag å føreslå endringar i staten si styring av kommunesektoren som legg til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren. Kommisjonen skal òg vurdere og føreslå tiltak dersom det er andre forhold som bind kompetanse unødige, medverkar til unødige høge kostnader eller lite effektiv oppgåveløysing i kommunar og fylkeskommunar.

Kommisjonen leverte første delutgreiing til Kommunal- og distriktsdepartementet 9. januar 2026.

I si første delutgreiing skildrar kommisjonen det norske kommunesystemet, staten si styring og utfordringar kommunesektoren står overfor. Endringar i befolkningssamansetjinga og konsekvensar for behov for og tilgang til arbeidskraft blir særleg trekte fram. Kommisjonen føreslår konkrete endringar i den statlege styringa, knytte til både juridiske og økonomiske verkemiddel. Vidare skisserer kommisjonen rammene for den andre delutgreiinga som skal vere ferdig i løpet av 2026.

Departementet ønskjer at råka og interesserte aktørar vurderer tilrådingane frå kommisjonen, og sender difor utgreiinga på høyring. Høyringa vært i fyrste omgang lagt fram drøfting i Sunnhordlandsrådet. Eventuell fråsegn vil bli vedtatt på neste regionrådsmøte.

Høyringsfristen er 16. april 2026.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 10/26
MH/thm

Drøftingssak: Hummarfreding

Austevoll kommune har hatt eitt hummarfredingsområde ved Trollsøy sida 2017. Prosjektet kan vise til stor auke i både tal og storleik på hummar samanlikna med referanseområde. Resultata styrkjer behovet for fleire fredingsområde og saka vært lagt fram drøfting i Sunnhordlandsrådet, med fokus på korleis ein saman kan auke tal og storleik på hummaren i Sunnhordland.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2026 kl. 09.30
Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 11/26
MH/thm

Skriv og meldingar

a) Ny dato for studietur er 5-6. mai

Sunnhordlandsrådet vedtok den 4. desember 2025, at administrasjonen planlegg studietur den 6-7. mai 2026, med utgangspunkt i møter med følgjande kommunar og orienteringar om deira omstillingsarbeid innan helsesektoren:

- Sveio
- Randaberg
- Time
- Gjessdal

Grunna kollisjon med Stord sitt møte i kommunestyre den 7. mai, er ny dato for studietur sett til 5-6. mai.